



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Dalsfjorden, Volda rådhus
Dato: 20.05.2019
Tid: 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Åshild Vik	Medlem	SV
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	U
Sindre Rotevatn	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hans Peter Eidseflot	Lina Marie Bjørkedal	SP
Milan Ilic	Margrete Trovåg	AP
Annlaug Stokke	Øyvind Festø	MDG

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef
Erlend Sporstøl Vikestrand	Planleggar – PS 29/19



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 27/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 28/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 29/19	PLANID 1979001- Dispensasjon frå reguleringsplan-byggjegrensar, utnyttingsgrad og avstand til veg (Gbr. 27/77, Gamletufta-Bratteberg)
PS 30/19	Klage på vedtak. Søknad om dispensasjon frå plankrav og avstand til kommunal veg, gbr. 30/205
PS 31/19	Søknad om dispensasjon frå 100-meters beltet langs vassdrag og avstand til kommunal veg
PS 32/19	Godkjenning av vegnamn på øvre Rotset - etter offentlig ettersyn
PS 33/19	Søknad om dispensasjon frå byggjeforbodet i 100-meters beltet langs sjø, gbr.2/35. Handsaming etter høyring
PS 34/19	Utbetring av sving på Haugevegen – Lauvstad
PS 35/19	Orienteringssaker
OS 9/19	Delegert sak om nydyrking på gbr 91/1
OS 10/19	Vedtak i klagesak til settefylkesmann - Gbr 45/1
PS 36/19	Revidering av bestandsplan for hjort 2019-2021 - Austefjord storvald
PS 37/19	Bestandsplan for Vikebygda hjortevald
PS 38/19	Fellingsløyve hjort 2019 - Vald utan bestandsplan Orienteringssaker
OS 11/19	Søknad om drifting av gatelys frå Indre Dalsfjord grendalag



VOLDA KOMMUNE

PS 27/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var åtte røysteføre ved møtestart. Forvaltningsutvalet hadde synfaring i følge med PS 29/19 før møtet.

Åshild Vik bad om permisjon frå 14:30.

Val av møteleiar:

Milan Ilic (AP) og Magny Fylling (Krf) fremma Sindre Kvangarsnes (U) som møteleiar.

Røysting av møteleiar:

Sindre Kvangarsnes vart samrøystes valt til møteleiar

Innkalling:

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Sakliste:

Møteleiar Sindre Kvangarsnes bad om at sak «Revidering av bestandsplan for hjort 2019-2021 – Austefjord Storvald», «Bestandsplan for Vikbygda hjortevald» og «Fellingsløyve hjort 2019 – Vald utan bestandsplan» bli sett på saklista som politiske saker. Sakene vart ettersendt og lagt på lesebretta 16.05.19.

Møteleiar Sindre Kvangarsnes bad om at sak «Søknad om drifting av gatelys frå Indre Dalsfjord grendalag» vert sett på saklista.

Røysting:

Innkalling og sakliste med tillegg frå Kvangarsnes vart samrøystes godkjent.

PS 28/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Det var ingen merknadar til møteprotokollen frå forrige møte 02.04.19.

Røysting:

Protokollen frå møtet 02.04.19 vart samrøystes godkjent.

PS 29/19 PLANID 1979001- Dispensasjon frå reguleringsplan- byggjegranser, utnyttingsgrad og avstand til veg (Gbr. 27/77, Gamletufta-Bratteberg)

Administrasjonen si tilråding:

1. Forvaltningsutvalet gir ikkje dispensasjon frå føresegnene og byggjegransene i reguleringsplan for Heltne-Bratteberg. Omsynet bak føresegnene det vert søkt om dispensasjon frå vert vesentleg sett til side, og fordelane ved å gi dispensasjon er ikkje klart større enn ulempene.



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Forvaltningsutvalet var på synfaring ved gbr 27/77 før møtet.

Planleggar Erlend Sporstøl Vikerstrand møte.

I følge offl. §13 jamfør fvl. §13 1. og koml. §31 2 ledd vart det samrøystes vedtatt å lukke møtet kl 13:59.

Møtet vart opna kl 14:06.

Hans Peter Eidseflot (SP) fremma følgjande:

Forvaltningsutvalet gir dispensasjon frå føresegnene og byggegrensene i reguleringsplan for Heltne/Bratteberg. Den maksimale utnyttingsgraden som utvalet tillet for dette tiltaket, er 35%. Utvalet anser dette som akseptabelt av omsyn til tomte si utforming og omsynet til naboar. Tiltaket ligg inst i ein blindveg, i slakt hellande terreng og høgda på bygget vert uendra i høve til dagens situasjon. Garasjen får flatt tak og dette taket vil inngå i grøntarealet, noko som også dempar omfanget av tiltaket. Tiltak på opp mot 35% utnyttingsgrad bryt ikkje vesentleg med tidlegare innvilga dispensasjonar. Utvalet finn difor at fordelane ved tiltaket er større enn ulempene, så lenge utnyttingsgraden ikkje overstig 35%.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom administrasjonen si tilråding og framlegget frå Eidseflot.

Framlegget frå Eidseflot vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 20.05.2019:

Forvaltningsutvalet gir dispensasjon frå føresegnene og byggegrensene i reguleringsplan for Heltne/Bratteberg. Den maksimale utnyttingsgraden som utvalet tillet for dette tiltaket, er 35%. Utvalet anser dette som akseptabelt av omsyn til tomte si utforming og omsynet til naboar. Tiltaket ligg inst i ein blindveg, i slakt hellande terreng og høgda på bygget vert uendra i høve til dagens situasjon. Garasjen får flatt tak og dette taket vil inngå i grøntarealet, noko som også dempar omfanget av tiltaket. Tiltak på opp mot 35% utnyttingsgrad bryt ikkje vesentleg med tidlegare innvilga dispensasjonar. Utvalet finn difor at fordelane ved tiltaket er større enn ulempene, så lenge utnyttingsgraden ikkje overstig 35%.

PS 30/19 Klage på vedtak. Søknad om dispensasjon frå plankrav og avstand til kommunal veg, gbr. 30/205

Administrasjonen si tilråding:

1. Forvaltningsutvalet finn ikkje grunn til å ta klagen frå Ivar Aaslid, Hilde Aaslid og Olav Rune Aaslid, Steffen Myklebust og Therese Melle til følgje.
2. Forvaltningsutvalet kan ikkje sjå at det har kome fram nye moment i saka og opprettheld difor vedtaket i sak 22/19 av 2.4.2019.



VOLDA KOMMUNE

3. *Utviklingssjefen rår til at dispensasjonsvedtaket får utsetjande verknad til klagen er endeleg avgjort, jf. Forvaltningslova § 42. Partane som blir påverka blir informert.*
4. *I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12, jf. § 1-9, blir klagen sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.*

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 20.05.2019:

1. *Forvaltningsutvalet finn ikkje grunn til å ta klagen frå Ivar Aaslid, Hilde Aaslid og Olav Rune Aaslid, Steffen Myklebust og Therese Melle til følge.*
2. *Forvaltningsutvalet kan ikkje sjå at det har kome fram nye moment i saka og opprettheld difor vedtaket i sak 22/19 av 2.4.2019.*
3. *Utviklingssjefen rår til at dispensasjonsvedtaket får utsetjande verknad til klagen er endeleg avgjort, jf. Forvaltningslova § 42. Partane som blir påverka blir informert.*
4. *I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12, jf. § 1-9, blir klagen sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.*

PS 31/19 Søknad om dispensasjon frå 100-meters beltet langs vassdrag og avstand til kommunal veg

Administrasjonen si tilråding:

1. *Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå plan- og bygningslova sin § 1-8 (forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag, 100-meters beltet). Dispensasjonen gjeld for oppføring av einebustad på gnr. 56, bnr. 5.*
2. *Med heimel i veglova, § 30, gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå kravet til avstand frå kommunal veg.*

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 20.05.2019:

1. *Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå plan- og bygningslova sin § 1-8 (forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag, 100-meters beltet). Dispensasjonen gjeld for oppføring av einebustad på gnr. 56, bnr. 5.*



VOLDA KOMMUNE

- 2. Med heimel i veglova, § 30, gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå kravet til avstand frå kommunal veg.*

PS 32/19 Godkjenning av vegnamn på øvre Rotset - etter offentlig ettersyn

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Forvaltningsutvalet viser til gjennomført offentlig ettersyn av vegnamn på øvre Rotset og vedtek at namna Nausthaugane og Torvbanken skal nyttast som offisielle namn på dei to aktuelle vegane.*

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 20.05.2019:

- 1. Forvaltningsutvalet viser til gjennomført offentlig ettersyn av vegnamn på øvre Rotset og vedtek at namna Nausthaugane og Torvbanken skal nyttast som offisielle namn på dei to aktuelle vegane.*

PS 33/19 Søknad om dispensasjon frå byggjeforbodet i 100-meters beltet langs sjø, gbr.2/35. Handsaming etter høyring

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2 gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå plan- og bygningslova sin § 1-8 (forbod tiltak mv. langs sjø og vassdrag, 100-meters beltet). Dispensasjonen gjeld for oppføring av tilbygg til eksisterande hytte på gnr. 2, bnr. 35.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 20.05.2019:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2 gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå plan- og bygningslova sin § 1-8 (forbod tiltak mv. langs sjø og vassdrag, 100-meters beltet). Dispensasjonen gjeld for oppføring av tilbygg til eksisterande hytte på gnr. 2, bnr. 35.



VOLDA KOMMUNE

PS 34/19 Utbetring av sving på Haugevegen - Lauvstad

Administrasjonen si tilråding:

Tiltaket vert å vurdere i samband med handsaming av budsjett- og økonomiplanen for periode 2020-24.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 20.05.2019:

Tiltaket vert å vurdere i samband med handsaming av budsjett- og økonomiplanen for periode 2020-24.

Åshild Vik gjekk kl 14:30. Det var sju røysteføre.

PS 35/19 Orienteringssaker

OS 9/19 Delegert sak om nydyrking på gbr 91/1

OS 10/19 Vedtak i klagesak til settefylkesmann - Gbr 45/1

PS 36/19 Revidering av bestandsplan for hjort 2019-2021 - Austefjord storvald

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet godkjenner den reviderte bestandsplanen for hjort for Austefjord storvald. Austefjord storvald får ei årleg tildeling på 215 dyr og totalt 645 dyr i perioden 2019-2021. Valdet kan overføre inntil 10 % av årleg kvote, dvs. 21 dyr, mellom åra i planperioden.

Handsaming:

Saka vart ettersendt 16.05.19 og satt på saklista i møtet.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 20.05.2019:

Forvaltningsutvalet godkjenner den reviderte bestandsplanen for hjort for Austefjord storvald.

Austefjord storvald får ei årleg tildeling på 215 dyr og totalt 645 dyr i perioden 2019-2021. Valdet kan overføre inntil 10 % av årleg kvote, dvs. 21 dyr, mellom åra i planperioden.



VOLDA KOMMUNE

PS 37/19 Bestandsplan for Vikebygda hjortevald

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet godkjenner framlagd bestandsplan for hjort for Vikebygda hjortevald for perioden 2019 - 2020. Valdet får tildelt fellingsløyve på 40 frie dyr for denne 2-års perioden. Valdet kan overføre inntil 10 % av årleg kvote, dvs. 2 dyr, mellom åra i planperioden.

Det vert gjort fråvik frå minstearealet i kommunen etter § 7 i forskrifta, for planperioden. Grunngeving er hjortestamma sin storleik i området og kommunen.

Handsaming:

Saka vart ettersendt 16.05.19 og satt på saklista i møtet.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 20.05.2019:

Forvaltningsutvalet godkjenner framlagd bestandsplan for hjort for Vikebygda hjortevald for perioden 2019 - 2020. Valdet får tildelt fellingsløyve på 40 frie dyr for denne 2-års perioden. Valdet kan overføre inntil 10 % av årleg kvote, dvs. 2 dyr, mellom åra i planperioden.

Det vert gjort fråvik frå minstearealet i kommunen etter § 7 i forskrifta, for planperioden. Grunngeving er hjortestamma sin storleik i området og kommunen.

PS 38/19 Fellingsløyve hjort 2019 - Vald utan bestandsplan

Administrasjonen si tilråding:

Hjortevald som ikkje har fleirårig bestandsplan skal ha tildeling av fellingsløyve etter § 18 om målretta avskyting heimla i Forskrift om forvaltning av hjortevilt (av jan. 2016).

Forvaltningsutvalet godkjenner tildelinga for hjortevalda for 2019 som er opplista i saksutgreiinga: 007 Liaskar/Egset, 009 Lid, 010 Åmelfot/Mårstøyl, 013 Driveklepp, 014 Rotset, 015 Steinsvik Vassbakke, 016 Åmelfotseter/Åmelfotdal, 017 Nordal/Klepp/Strand, 018 Halkjelsvik, 019 Åmelfot indre, 020 Bratteberg og 022 Mek/Krumsvik.

Tildeling etter § 18 skal vere etter kategori kalv (1/2 år), vakse hodyr (1 ½ år og eldre), spissbukk og vaksne hanndyr (1 ½ år og eldre) for det enkelte vald med ei fellingsløyve på 30 % kalv, 35 % kolle, 20 % spissbukk og 15 % vaksen bukk.

Kalv kan fellast i staden for vaksne dyr, og spissbukk kan fellast i staden for vaksne hanndyr.



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Saka vart ettersendt 16.05.19 og satt på saklista i møtet.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 20.05.2019:

Hjortevald som ikkje har fleirårig bestandsplan skal ha tildeling av fellingsløyve etter § 18 om målretta avskyting heimla i Forskrift om forvaltning av hjortevilt (av jan. 2016).

Forvaltningsutvalet godkjenner tildelinga for hjortevalda for 2019 som er opplista i saksutgreiinga: 007 Liaskar/Egset, 009 Lid, 010 Åmelfot/Mårstøyl, 013 Driveklepp, 014 Rotset, 015 Steinsvik Vassbakke, 016 Åmelfotseter/Åmelfotdal, 017 Nordal/Klepp/Strand, 018 Halkjelsvik, 019 Åmelfot indre, 020 Bratteberg og 022 Mek/Krumsvik.

Tildeling etter § 18 skal vere etter kategori kalv (1/2 år), vakse hodyr (1 ½ år og eldre), spissbukk og vaksne hanndyr (1 ½ år og eldre) for det enkelte vald med ei fellingsløyve på 30 % kalv, 35 % kolle, 20 % spissbukk og 15 % vaksen bukk.

Kalv kan fellast i staden for vaksne dyr, og spissbukk kan fellast i staden for vaksne hanndyr.

OS 11/19 Søknad om drifting av gatelys frå Indre Dalsfjord grendalag

Handsaming:

Saka vart sett på saklista i møtet.

Sindre Kvangarsnes delte ut dokumentet «Søknad om drifting av gatelys frå Indre Dalsfjord grendalag».

Sindre Kvangarsnes kom med følgjande oversendingsframlegg til administrasjonen:

Forvaltningsutvalet viser til innarbeidd praksis om drift av gatelys.

Forvaltningsutvalet støttar derfor søknaden frå Indre Dalsfjord grendalag, der dei ber om at Volda kommune driftar gatelysa langs FV 40, etter at eksisterande gatelys er utskifta til led-armaturar. Totalt utgjer dette 17 lyspunkt.

Forvaltningsutvalet drøfta saka og var einige om å sende oversendingsframlegget til administrasjonen.



VOLDA KOMMUNE

Møte slutt kl 15:04

Rett utskrift,
Volda kommune, Servicekontoret
21.05.19

Sunniva Utnes Kvangarsnes
Konsulent